



Jan Magne Keilegavlen
Keilegavlsvegen 227
5953 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1381 - 18/29028

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

20.09.2018

Avvist søknad om deling - gbnr 124/1 Keilegavlen

Administrativt vedtak. Saknr: 510/18

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av ein ny bustadtomt på 1000 m2 frå gbnr 124/1. Det vert vist til søknad motteken 26.04.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad er definert som landbruk, natur og friluftsområde LNF.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Frådeling av bustadeigedom krev at det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet landbruk, natur og friluftsområde (LNF) i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad. Det er ikkje søkt om dispensasjon.
2. Søknad om dispensasjon og frådeling må nabovarslast. Søknaden er ikkje nabovarsla.
3. Ein ny bustadeigedom krev at det vert gjeve avkøyringsløyve eller utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg. Løyve etter veglova eller førehandsatilsagn ligg ikkje føre.
4. I søknaden er det kryssa av for at vassforsyning og avløp er sikra i følgje vedlagt dokument. Vi kan ikkje sjå at desse dokumenta er lagt ved søknaden. Det må dokumenterast rett til legging av vass- og avløpsleidningar over andre eigedommar dersom det gjer seg gjeldande for den nye eigedommen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



5. Det er ikkje dokumentert korleis vatn og avløp skal løyast for bustadtomten. Det må ligga føre før det kan gjevast løyve til deling, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at søknaden kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 124/1 avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 18/1381.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Magne Keilegavlen

Keilegavlsvegen 5953
227

FONNES